

Slutt på lokale TV-sendingar

23.09.2011



TVSydvest hadde lokala sine i den tidlære Samyrkelagsbygningen

**TVSydvest i Uskedalen er snart historie etter at eigarane nyleg har vedteke å avvikla drifta. Stiftingskapitalen er oppbrukt og inntektene har svikta.**

I tillegg har Kvinnherad Breiband denne månaden skifta innhaldsleverandør, noko som ville betydd tekniske omstillingar og ekstra kostnader for den lokale TV-stasjonen.

– Ingen misser jobben og venteleg vil ingen tapa pengar, seier redaktør Ronny Lakselv.

Det er den private stiftinga Kristen Mediaressurs som er den formelle eigaren av TV Sydvest i Uskedalen.

Føremålet var i utgangspunktet å produsera kristne program til Kvinnherad Breiband og med lokalt innhald. Kanalen kom på lufta i august 2007 og utvika seg etter kvart til noko meir. Dei sende til dømes direkte frå

mange kommunestyremøte og ulike innslag produsert av og for HusnesNett.

Men TV-produksjon er kostnadskrevande og når inntektene ikkje dekka utgiftene var eit stort avvikling uunngåeleg.

Av Kristian Hus

Foto: Ola Matti Mathisen